

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 11. desember 2018

Skype

Kl. 14.00-15.50

**Til stades:** Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Balder Holm, Marika Lüders, Terje Colbjørnsen og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Magnus Hoem Iversen, Roswitha Skare (vara) og Christer Andresen (vara). (Alle var kalla inn til dette første styremøtet i perioden.)

### 1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

### 2. Referat frå styremøte 16. oktober 2018

Godkjent utan merknader.

### 3. Nytt styre

Det nye styret etter valet på generalforsamlinga 18. oktober:

- Eiri Elvestad (leiar), USN/UiO, 2018–20
- Magnus Hoem Iversen (kasserar), UiB, 2018–20
- Marika Lüders, UiO, 2017–19
- Lisbeth Morlandstø, Nord universitet, 2018–19
- Terje Skjerdal (sekretær), NLA Høgskolen, 2018–20
- Christer Andresen, NTNU, 2017–19 (vara)
- Roswitha Skare, UiT, 2017–19 (vara)
- Terje Colbjørnsen, OsloMet, 2018–20 (vara)
- Balder Holm, UiB, permanent (Nordicom-representant)

Styret består av ein representant færre enn tidlegare. Styret ynskjer at ein av vararepresentantane rykkjer opp som fast representant, eventuelt at ein av dei møter fast i styret. Eiri undersøker om styret formelt kan oppnemna ein av vararepresentantane som fast representant (Terje C er villig til det, men dei to andre vararepresentantane bør uttala seg først); alternativt møter fast utan røysterett.

### 4. Evaluering av medieforskarkonferansen, Bodø 18.–19. oktober 2018

Styret er svært godt nøgd med gjennomføringa, og gjev ros til Nord universitet for eit godt arrangement. Gode hovudtalarar. Gode gruppesamlingar.

Innspel til neste konferanse (2020):

- Dei som er med i arrangementskomiteen, bør sleppa å betala konferanseavgift (eller i alle fall få redusert avgift). Dette må sjølvsagt sjåast i forhold til kor mange det vil gjelda, og korleis det verkar inn på økonomien til konferansen.
- Abstract frå grupper ein ikkje er med i, burde vera tilgjengeleg for alle deltakarane. Dette treng ikkje gjerast svært komplisert. T.d. kan ein kopiera opp abstracta i konferansefaldaren, eller distribuera dei som eit pdf-dokument på førehand.
- Den eine gruppa, journalistikk og politisk kommunikasjon, er svært stor, og fungerte stort sett som to grupper under konferansen. Gruppa har teke initiativ til å dela seg, og det vil truleg bli gjort til neste konferanse.

## **5. Medlemskap og innbetalingar**

Fleire av dei som melde seg inn i forkant av medieforskarkonferansen, seier at dei ikkje har fått innbetalingsgiro. Dette skuldast truleg at giro ikkje skulle sendast før 2019-forfallet. Men tidlegare medlemmer har heller ikkje fått giro – er det ikkje praksis at denne vert sendt ut i november?

Teksten som nyinnmelde medlemmer automatisk får, seier ingenting om innbetaling. Bør oppdaterast (dette er NML sitt ansvar).

Er det mogleg med felles innbetaling av medlemskontingent og konferanseavgift?

Eiri tek kontakt med Aschehoug v/Atussa Hosseini og drøftar saka.

## **6. Neste medieforskarkonferanse (2020)**

Konferansane dei siste åra:

2018: Bodø

2016: Bergen

2014: Trondheim

2012: Kristiansand

2010: Ålesund

2008: Lillehammer

2006: Bergen

Det er lenge sidan konferansen har vore i Oslo. Styret utfordrar Oslo-miljøet, representert ved UiO og OsloMet, til å ta ansvar for neste konferanse. Eiri, Marika og Terje C følgjer opp.

Konferansen bør skje minst to veker etter ECREA, som skal vera i Portugal 2.–5. oktober 2020.

## **7. Høyring: endringar i reglane for kjeldevern**

Høyringsfrist er 1. februar. Styremedlemene forhøyrer seg med aktuelle personar i dei ulike fagmiljøa våre, og kjem tilbake til saka i neste møte.

## **8. Norsk medietidsskrift**

Digitalisering av dei resterande årgangane, 1994–2003, er i rute.

## **9. Møteplan for neste semester**

21. jan 2019 14-15  
12. mars 2019 14-15  
9. april 2019 14-15  
14. mai 2019 14-15

## **10. Eventuelt**

- Styret etterlyser protokoll frå generalforsamlinga 18. oktober.
- Eiri eller Lisbeth representerer NML i planleggingsmøte for den nordiske konferansen (NordMedia, Malmø, 21.–23. august 2019).

Terje Skjerdal (ref)